

## **Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Nag, Strand kommune**

Statsforvaltaren i Rogaland sendte 21. desember 2020 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Nag i Strand kommune.

Det kom i alt åtte merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

**Språkrådet** har vurdert namneform for verneområdet og stør skrivemåten Nag naturreservat.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Lyse Elnett AS** har ingen merknader til vernet på Nag.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Forsvarsbygg** har ingen merknadar til vernet på Nag.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard** har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. Dei har ingen merknader til oppstart av frivillig skogvern på Hylsskaret i Suldal kommune.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Landbruksdirektoratet** ber Statsforvaltaren syte for at naudsynt omsyn til jordbruksdrift vert teken i arbeidet med vernet gjennom forskrifta. Dei peikar særskilt på høva rundt skogsbilvegar, traktorvegar for jordbruk, seterdrift, beite og reindrift.

Statsforvaltaren peikar på at føresetnadane landbruksdirektoratet peikar til er møtt gjennom ordninga frivillig vern som landbrukssektoren er ein del av. Merknadane som landbruksdirektoratet sender ut er generelle, og ein kopi av brev de submittera i andre liknande saker. Det er ein føresetnad at me omhandlar kvart ei verneprosess med lokal tilpassing og tek tilstrekkeleg omsyn til vidareføring av eksisterande landbruksverksemd som ikkje går på tvers av føremålet med vernet. Statsforvaltaren stiller seg undrande til at Landbruksdirektoratet berre kjem med generelle merknadar, me har ein forventning at dei set seg inn i saka utover kva som gjelder ordninga generelt på nasjonalt nivå. Til dømes, jamfør landbruksstatistikk så er reindrift ein marginal verksemd i området framlagt for vern.

**Statens vegvesen** har ingen merknader til vern langs fv 523 i Strand kommune.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Norges vassdrags- og energidirektorat** har ingen merknader til vern av Nag NR, men viser til Lys Elnett AS som konsesjonær i området.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

**Strand kommune** peikar på ein ny reguleringsplan som er ute på høyring om ein sykkelsti langs fv. 523, ved Kveldsbeleika, og nedsida av framlegg til vernegrense. Dei ber om at vernegrensa tek omsyn til planarealet.

Statsforvaltaren har våre i dialog med fylkeskommunen som har ansvar for førarbeid til reguleringsplanen og prosjekteringa av sykkelstien. Statsforvaltaren vil legge framlegg til «Anna veggrunn – grøntareal», jf. merknad frå fylkeskommunen om planlagt gang- og sykkelsti, sjå under.

**Fylkeskommunen** viser arbeid med gang- og sykkelsti på nordsida av fv. 523. I samband med Kveldsbeleika og framlegg til verneavgrensing så føreslår Fylkeskommunen at avgrensinga til området følger «Anna veggrunn – grøntareal», men samstundes at det blir gitt løyve til arbeid innafor midlertidig bygge- og anleggsområde vist i plankart

Statsforvaltaren stør framlegg frå fylkeskommunen om å sette vernegrensa til «Anna veggrunn – grøntareal», og vil gi løyve til arbeid innafor sona midlertidig bygge- og anleggsområde i plankartet. Statsforvaltaren peikar på at arbeid i dette området må være skånsamt, og særskilt omsyn må visast til større tre innafor dette området. Marke må tilbakeførast slik at naturleg vegetasjon kan reetablere seg. Her blir det særskilt viktig å ta omsyn til framande organismar, så desse ikkje får fotfeste i nærleiken av reservatet.